



Statens kartverk
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Vår referanse
20/722 20/2611

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Randi Aarønæs

Dato
30.03.2020

Namnesaker i Vanylven - Nordalen, Norvika, Eikrem, Opsal, Skår, Rønnestad

I samband med vegadressering har kommunen vedteke nokre vegnamn som ikkje er i tråd med skrivemåten i stadnamnregisteret SSR (Kommunestyresak 66/2016 og 40/2019). Vi ønskjer derfor å få prøvd desse namna.

Det gjeld følgjande namn:

SSR	Ønskja skrivemåte	Bygd	Grunngjeving
Norddalen	Nordalen	Syvde	Slektsnamn har ein –d. Dalen ligg heller ikkje mot nord. Namnet kjem kanskje av nor /trong, fordi den har ei trong passasje ved Landverk. Dei eldste bnr på gnr 86 står som Norddal i matrikkelen. Men i bygdeboka frå 1974 står det Nordal. Det same gjeld i ØK 1965/71. Vi meiner at eldre folk seier «fram i Nårdala», med uttalen [no:r].
Nordvika	Norvika	Syvde	Begge former har vore brukt opp gjennom tida, men namnet utan d står i matrikkelen på gnr 88 brn 5 og 10. Det vart etablert eit byggefelt her på 70-talet (på bnr 5 og 10 med fleire) som vart kalla Nordvikfeltet med d. Og slektsnamn er både Norvik og Nordvik. Men i politisk sak kom det fram ønskje om å skrive vegadresse som Norvika.
Eikreim	Eikrem	Syvde	Slektsnamna er skrivne med berre ein –i eller utan i. Ingen heiter Eikreim. I ØK 1965/71 står det Eikrem. I bygdeboka (1974) står det om Eikrem, gnr 82: skrivemåte Ekrem(1602), Echrim(1723), Ekreim(1838-1907), og seinare Eikrem. I matrikkelen heiter eldste bruka (bnr 1-5) Eikreim, medan bnr 6 heiter Indre Eikrem(1900). Eikreim er ein framand skrivemåte for bebuarar i området i dag.

Oppsal	Opsal	Syvde	Slektsnamna er skrivne med berre ein –p. Eldste gardane på gnr 80 heiter Opsal i matrikkelen. Og på ØK 1965/71 står det Opsal. Det fell derfor mest naturleg at namnet vert Opsal.
Skor	Skår	Syvde	Slektsnamn er skrivne med å eller aa. I dagleg tale er det brukt Skår. I bygdeboka for Syvde sokn gard og ættesoge 1974 står det om Skår: Namnet vart skrive Skor(1432), Skore(1603), Skor(1616), Schor og Schaar (1666), Schaar(1724). På ØK 1965/71 står det Skår. Gardsnamna på dei eldste gardane på gnr 76 og 77 er Skaar Yttre og Skaar indre i matrikkelen. Namnesak 1994/15110001 av 16.10.1995: Skor vart vedteke, Skår avsele. Men Skor er ukjent skrivemåte for dagens innbyggjarar og dei som skal nytte vegnamnet framover.
Røynestad	Rønnestad	Hakalle-stranda, Åram	I dagleg tale og i slektsnamn er det brukt Rønnestad. Gardsnamna på 152/1-3 er Røinestad. I Sandesoga band II 1996 står det at namnet på 14-1500 talet var Røynistrond og Rønestrond, på 1600 talet Rønstad, i 1886 Rønnestad, og i 1907 Røinestad. Seinare Rønnestad, uttales Rønnstad. Og at tydinga er uviss. På ØK 1965/71 står det Rønstad. I sjøen finn ein på kartet Rønstadbollane. Dei som får vegnamnet ønskjer Rønnestad.

Vi ber kartverket vurdere om vi kan nytte ønskja skrivemåte i samband med vegadresser – eller om det medfører at ein må gjennomføre namnesaker først.
Dersom det må fremjast namnesaker etter stadnamnlova, ber vi om at kartverket førebur sak så snart som råd.

Med helsing

Terje Kolstad
kommunalsjef

Randi Aarønæs
rådgjevar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur